

**FRE-DAG**

# Strilen

22. SEPTEMBER 2017

NR. 75 • ÅRGANG 56

LAUSSAL 25,-

**GOD HELG!**

Eg skal berre gifta meg med ei av dei om gongen.

BAKSIO

## Går og tar buss for å spara miljøet

Det er mange som snakkar om at dei er opptekne av miljøet, men desse 3. klassingane meiner alvor.

SIDE 10



## Vil granska den høge arbeidsløysa

Har flest ledige i Hordaland, men veit lite om kven som har mista jobben og kvifor.

SIDE 5

# Vil ta over sjølv etter bosskonkurs

■ Då RenoNorden slo seg konkurs denne veka, stod NGIR i praksis utan avtale om bosshenging i Nordhordland.

■ No vil konkursbuet garantere for henting til torsdag, medan NGIR jobbar for å overta bilar og mannskap sjølv.

SIDE 3

## Båten var liten, Inger var best

SIDE 14-15



**MAGASIN** SIDE 11-15



**Stolte elevar viser fram den «nye» skulen sin**

SIDE 12-13

**No kan du få pengar for å vraka båten**

SIDE 6



**Fridde til fjells, gjekk opp att for å ta brudebilde**

SIDE 8

**Gir vekk alt kunstgraset i idrettshallen**

**SPORTEN** SIDE 18

7 090004 860048



**POLITISKE PARTI:** Både KrF og Arbeidspartiet stilte med båt.



**TRÅD:** Startlinja var laga med ein tråd som alle båtane vart hekta fast i med ein spiker på undersida av båten.

# Småbåtregatta og folkefest

For første gong var bedrifter og politiske parti inviterte til å delta i Small Ships Race på Fedje saman med borna.

Av Maria Fjellstad

Nokre av borna har jobba i vekevis med båtane sine medan andre byrja dagen før.

– Eg brukte tre dagar på å dekorere min, seier Margaret Essien Etokbe (9). Ho har vore med på Small Ships Raced før, og saman med veninna Kirsti Margrete Wåge Rognsvåg (9 ½), håpo ho å vinne premie for finast dekorerte båt.

Dei som ville delta kunne kjøpe ein halvferdig båt laga av initiativtakar og arrangør Bjørn Adne Kvalvik. Båten må dei pynte og klargjøre til regattanen sjølv. Grunnen til at Kvalvik legg så mykke arbeid ned i denne dagen er enkel.

– Det er jo båtbygging, og det er moro for alle, seier 41-åringen som har båtbygging som levebrød og har bygd ei rekke tradisjonsrike båtar.

## Finast og raskast

Det er premie til dei to beste i to katagoriar.

– Det eine er å vera kreativ, det er dekorasjon og utsmykking av båten, rett og slett å bruke kreative evner, fortel Kvalvik.

– Det andre er fartsetappen sjølvsagt, som ein god regatta skal ha. Og då gjeld det å koma først i mål.

Den første båten som kom i mål tilhørte Inger Kvalvik Adamowicz på 3 år.

Ein av dei to finast dekorerte var laga av Maja Adamczyk (6), som synest det var veldig kjekt å laga båt og delta i konkurransen.

Etter at dommarane hadde fått sett på alle båtane og kåra dei best dekorerte, blei alle båtane frakta ut på sjøen i ein stor båt. På undersida hadde dei alle fått ein skrua som heldt dei fast i ein tråd som utgjorde startlinja.

Ved start blir startlinjetråden kutta og vinden tek tak i dei små seglbåtane. Både start og mållinje er tilpassa vær og vind rett for båtane vert sjøsette.

## Bedrifter og parti

Nytt av året er at bedrifter og politiske parti er inviterte til å vera med.

På den måten får fleire vera med på moroa samtidig som det gir politikarane ein ny sjanse til å gjøre opp for tapt val, skjemta konfansiør Dagrun Gunnarson.

Kvalvik er sikker på at mange av dei vaksne på øya har klodd etter å vera med å dekorere båtar og delta i regattan.

– Alle som kjem fra stader som Fedje har nok leika med småbåtar då dei var små. Og dette er jo ein seglbåt som fungerer. Ein må justere segl og ror for at båten skal gå riktig veg, så det er jo kystkultur i praksis på ein måte, seier han.

Første gongen Small Ships Race vart arrangert på Fedje var i 2012. Sidan har det blitt arrangert kvart år, med eitt unntak.


Noko anna som er nytt i år er at Kvalvik har plassert eit kamera på ein eigen liten båt for å sjå korleis det heile ser ut der ifrå.

kene på Fedje, og smme dag kunne ein også få med seg både tradisjonell bedehusbasar om ettermiddagen og dans om kvelden. Dagen før arrangerte Fedje Historielag utstilling og föredrag i Fleirbrukshallen.

Sjå fleire bilde og video på strilen.no.



**FINSTE:** Maja Adamczyk (6) var ein av dei to som hadde dekorert båtane sine finast.



**RASKAST:** Inger Kvalvik Adamowicz (3) hadde den raskaste båten inn i mål. Her saman med mamma Gro K.



**VINNARHÅP:** (f.v.) Margaret Essien Etokbe (9) og Kirsti Margrete Wåge Ronsvåg (9 ½) håpte på å vinne premie for best dekorerte båt.



**FEDJE:** Deltagarar og publikum fylte kaien på Stenborg på Fedje under Small Ships Race.

